

## Protokoll frå regionstyremøte 4/ 2016

Møte nr. 4/ 2016

Dato: 11. - 12.6.2016

Sted: Hotell Union, Geiranger

### Til stades frå styret:

Gry Sissel Sagen, Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth, Hilde Horpen  
(1. vara), Nora Olsen (2. vara), Tamara Lien Nøtseth (3. vara)

### Forfall:

Hilde Hoddevik, Knut Mikkelsen

### Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

### **Vedtaksaker (A-saker):**

- 18/ 2016      Godkjenning innkalling og sakliste  
Vedtak:  
Innkalling og sakliste godkjent slik den er sendt ut.
- 19/ 2016      Økonomistatus pr 30.4.16  
Vedtak:  
Regionstyret tek tertialrapporten til etterretning.
- 20/ 2016      Årsmelding 2015  
Vedtak:  
Administrasjonens forslag til årsmelding godkjent med dei endringar og tillegg som kom fram i gjennomgangen.
- 21/ 2016      Status sommarkurs  
Vedtak:  
Regionstyret tek den framlagte statusrapporten til orientering.

22/ 2016

NUB / NUK i framtida

Vedtak:

1.
  - a. Regionstyret ber administrasjonen planlegge reorganisering og oppstart av to regionkorps i Nordvest f.o.m. hausten 2017, eitt med brassbesetning (NUB= Nordvest Ungdomsbrass) og eitt med janitsjarbesetning (NUK= Nordvest Ungdomskorps). NUB skal i hovudsak ha geografisk plassering i Sogn og Fjordane, medan NUK i hovudsak skal ha geografisk plassering i Møre og Romsdal. Med geografisk plassering meinast stad for samlingane. Målgruppa for begge korpsa er ungdom i alderen f.o.m. 14 år t.o.m. 19 år. Regionstyret presiserer at deltakarane i dei to korpsa kan kome frå heile regionen (dvs. begge fylka). Dersom det er ønskjeleg, og mulig i høve instrument/besetning, kan ein musikanter vere deltakar i begge korpsa.
  - b. Regionstyret er styre for regionkorpsa. Det skal etablerast ei driftsgruppe/prosjektgruppe for kvart korps med 4-5 personar. Regionstyret, regionkontoret og deltakarane i korpsa skal vere representert i denne gruppa, jf. styringsdokument for drift av regionkorpsa i Nordvest.
  - c. I ein overgangsperiode f.o.m. hausten 2016 t.o.m. våren 2017 kan NMF Nordvest, etter nærare avtale, stå som arrangør av det prosjektkorpset (brassbandet) som på privat initiativ er etablert i Sogn og Fjordane etter at NUB og NUK blei "lagt på is". Føresetnaden er at tiltaket ikkje påfører regionen netto driftsutgifter i det aktuelle tidsrommet. I det aktuelle tidsrom skal det etablerast ei prosjektgruppe på 3-4 personar. Eit medlem i prosjektgruppa skal representere regionstyret. Frå regionstyret vert vald Knut Mikkelsen. Dagleg leiar ved regionkontoret skal og vere med i prosjektgruppa.
2. NUB og NUK skal ha toårs-planar kor sesongens musikalske mål er festkonsert på eit av Nordvesten-arrangementa det eine året og det andre året nasjonal regionkorps-samling (som t.d. våren 2017 har samling i region Hedmark/Oppland). Regionkorpsa skal dessutan ha ei representasjonsrolle for region Nordvest i jubileumsåret 2018 (NMF 100 år).
3. Samlingsstadar, jf. pkt. 1a, skal vere slik plassert at reisetid og reisekostnader vert gunstigast mulig for deltakarane. Samlingsstad for NUB skal i hovudsak vere området Nordfjordeid/Sandane og for NUK området Ørsta/Volda. Regionstyret skal jamleg evaluere stadval, kostnad og fasilitetar for gjennomføring av samlingane, og kan gjere nye stadval om det er/blir naudsynt.
4. Det skal gjennomførast prøvespel t.d. under siste samlinga før sommarferien. Ordninga skal evaluerast etter to år.
5. Styringsdokument tas opp til revidering på styremøtet i november 2016.

23/ 2016

Representasjon

Vedtak:

1. Deltaking på arrangement hausten 2016

<i>Gult kurs, Nordfjordeid, 4. juli</i>	<i>Nora Olsen, administrasjonen</i>
<i>Rødt kurs, Nordfjordeid, 10. juli</i>	<i>Nora Olsen, administrasjonen</i>
<i>Rødt kurs, Molde, 12. juli</i>	<i>Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth</i>
<i>Grått kurs, Brass Band, Ørsta, 26. juli</i>	<i>Administrasjonen</i>
<i>Grått kurs, Janitsjar, Ørsta, 31. juli</i>	<i>Kari Klokseth, Nils-Gunnar Solli</i>
<i>Musikkveka, Ulsteinvik, 7. august</i>	<i>Nora Olsen, Caroline Bjørge</i>
<i>Gult kurs, Ålesund, 11. august</i>	<i>Caroline Bjørge</i>
<i>Gult kurs, Kristiansund, 18. august</i>	<i>Kari Klokseth, Nora Olsen</i>
Nordvesten vaksen, 29. oktober 2016, Nordfjordeid	Knut Mikkelsen, Kirsten Tamara Lien Nøtseth
90-års jubileum, Kjølsdalen Musikklag, 2. oktober, Kjølsdalen	Hilde Hoddevik, Knut Mikkelsen/ Kirsten Tamara Lien Nøtseth

2. NMF Nordvest ved styret eller administrasjonen skal vere til stades under kurs i korpsdriftsportalen og materialforvaltning. Tidsbruk og økonomi skal vere avgjerande for kven som deltek på kurset.

24/ 2016

Aktivitetsplan 2016-2018

Vedtak:

Regionstyret godkjenner framlagt aktivitetsplan for 2016-2018 med dei endringane og tillegg som kom fram i gjennomgangen. Regionstyret kjem tilbake til presisering av jubileumsmarkeringa i 2018.

25/ 2016

NMF i 100 - regionale tiltak 2018

Vedtak:

1. Felles hovudarrangement for både skole-, generasjons- og vaksenkorps samt drill.
2. Regionstyret arbeider vidare med stimuleringstiltak knytt til rekruttering, som skal ha markering i jubileumsåret. Samarbeid med den kulturelle skolesekken kan være aktuelt tiltak.
3. Det skal arbeidast med eit historisk overblikk over viktige hendingar i region Nordvest.
4. Samarbeid med medlemskorps som fyller 100 år i 2018.

26/ 2016

Status regionstyrets vedtak, styreperioden vår 2015 - vår 2016

Vedtak:

1. Regionstyret tek den framlagte oversikta til orientering.
2. Regionstyret tildeler dirigentstipend for Sogn og Fjordane til kvar av dei to søkerane på inntil kr 7 500,- etter rekning.

27/ 2016 Oppsummering Landsmøtet 2016

Vedtak:

Saka utsatt fordi protokoll frå landsmøtet ikkje var mottatt.

28/ 2016 Plassering av korpsdriftskurs

Vedtak:

Kursa blir lagt til følgjande stader:

- a. Kristiansund
- b. Ålesund
- c. Nordfjordeid
- d. Sogndal
- e. Førde

**Orienteringssaker:**

29/ 2016 Nytt frå regionkontoret

- Inkluderingsagent på plass
- Deltaking på styremøte i Gjensidigestiftelsen Møre og Romsdal
- Dirigentnettverkssamling nr to er gjennomført

Vedtak:

Informasjonen tas til orientering.

30/ 2016 Nytt frå NMF sentralt

- Utvikling av ny kommunikasjonsinstruks
- Videomøte mellom regionstyreleiarane og presidentskapet

Vedtak:

Informasjonen tas til orientering.


31/ 2016 Informasjon frå regionstyreleiar og/eller AU

- Invitasjon frå kultursjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune til kontaktmøte med NMF Nordvest 22. juni 2016 (styreleiar og dagleg leiar deltek).
- Informasjon om styreleiar sitt initiativ til møte med politisk nivå på kulturområdet i Møre og Romsdal fylkeskommune, og tilsvarande for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forsøker å få dette til hausten 2016.

Vedtak:

Informasjonen tas til orientering.

Geiranger, 12. juni 2016 / Molde, 17. juni 2016



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard  
dagleg leiar